

Innkalling til forstandarskapsmøte

Det vert med dette innkalla til forstandarskapsmøte i Tysnes Sparebank

Mandag 27. mars 2023 kl. 16.00 på Mandelhuset, Våge

Sakslista

1. Opning av møtet ved forstandarskapets leiar og oppretting av liste over frammøtte representantar
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av 2 personar til å skrive under protokollen saman med møteleiar
4. Godkjenning av bankens årsrekneskap for 2022 herunder årsmelding, årsoppgjørdisposisjonar, utbytte, revisjonsberetning og godtgjersle til revisor (sjå note 22 i årsrapporten)
Bankens årsrapport er vedlagt innkallinga. Revisors revisjonsberetning vert ettersendt i endelig oppsatt årsrapport.

Forslag til vedtak:

"Forstandarskapet har handsama årsrekneskap og årsmelding for 2022. Styrets framlagte årsrekneskap for 2022, som viser eit totalresultat på 39.896.706,29, og årsmelding for 2022 vart godkjend"

"Forstandarskapet vedtok foreslåtte disponeringar av bankens årsoverskot for 2022 som følgjer:

Overført til Sparebankens fond	kr.	14.164.655,39
Overført til gåvefond	kr.	148.000,00
Overført til utjamningsfond	kr.	16.341.990,56
<u>Overført til fond for urealiserte gevinster</u>	<u>kr.</u>	<u>9.242.060,34</u>
<u>Sum disponert</u>	<u>kr</u>	<u>39.896.706,29</u>

"Forstandarskapet vedtok styrets foreslåtte 70 prosent kontantutbytteutdeling til eigenkapitalbevisigarane for året 2022, totalt 11.439.393,39 millionar kroner"

"Forstandarskapet tok revisors uavhengige beretning til orientering"

"Forstandarskapet vedtok revisors godtgjersle etter rekning for revisjon i 2022"

5. Tildeling av gåver til almennyttige føremål
Styret har utarbeida eit forslag til tildeling av gåver til almennyttige føremål, der årets avsetjing til gåvefond på NOK 148.000 vert delt etter gitte kriterier. I tillegg ynskjer styret å tildele Venelaget Tysnessåto NOK 50.000 frå tidlegare avsett gåvefond. Forslaget til tildeling er vedlagt og vert gjennomgått på møtet.

Forslag til vedtak:

"Forstandarskapet vedtok utdeling av gåver til almennyttige føremål i samsvar med det framlagte forslaget"

6. Endring i valinstruks for hovedvalkomiteen med tilhøyrande endring i banken sine vedtekter
Styret handsama i sak 138/22 forslag til endringar i valinstruks med tilhøyrande endring i vedtektene. Bankens valinstruks er revidert av advokatfirma Selmer ved advokat Bernt Olav Steinland. Valinstruksen må oppdaterast med dei sist gjeldande retningslinjer og forskrifter frå Finansdepartementet og Finanstilsynet.

Dei to viktigaste endringane er strengare krav til egnethetsvurdering av styremedlem og at maksimaltid for å ha verv i banken tas ut av vedtektene, og vert erstatta av føringar i valinstruksen. Denne form for praksis for funksjonstid er noko dei fleste bankar i Noreg har endra i sine vedtekter, og oppdatert i instruksen for valkomiteen.

Hovedvalkomiteen har behandla styret sitt forslag til endring i instruks for hovedvalkomiteen, og ber administrasjonen legge forslaget frem for forstandarskapet for endeleg vedtak.

Vedlagt er innstilling frå hovudvalkomiteen, endringsmarkert utkast til ny instruks for hovudvalkomiteen og utkast til reviderte vedtekter som skal behandlast i forstanderskapsmøtet 2023.

Forslag til vedtak:

«Forstandarskapet vedtok einstemmig det framlagte forslaget til endring i valginstruks og i bankens vedtekter i samsvar med det framlagte forslaget»

7. Orientering om eigenkapitalbeviseigarane sine val i 2023
Referat frå valmøte for eigenkapitalbeviseigarane i Tysnes Sparebank 15.02.2023 er vedlagt.

8. Orientering om innskytarvalet i 2023
Referat frå valmøte for innskytarane i Tysnes Sparebank 15.02.2023 er vedlagt.

9. Orientering om tilsette sine val i 2023
Styremedlem for dei tilsette for perioden 2023 -2025: Steffen Sleire Opdal

Valkomiteen si innstilling om sak 10 -15 er vedlagt innkallinga, og valkomiteens leiar Ingrid Tysnes Stue vil orientere om sakene i møtet

10. Val av leiar i forstandarskapet 2023-2024

11. Val av nestleiar i forstandarskapet 2023-2024

12. Val av 2 styremedlemmer 2023-2025

13. Val av styreleiar 2023-2024

14. Val av nestleiar i styret 2023-2024

15. Val av hovedvalkomite forstandarskapet 2023-2025

16. Forslag til godtgjersle for tillitsvalde i Tysnes Sparebank
Valkomiteen si innstilling er vedlagt innkallinga, og valkomiteens leiar Ingrid Tysnes Stue vil orientere om saka.

Forslag til vedtak:

«Valkomiteen si innstilling til godtgjersle for tillitsvalde i Tysnes Sparebank er godkjend».

17. Forna styrefullmakt til tilbakekj p av bankens egne egenkapitalbevis
18. Forna/auka styrefullmakt til opptak og innfriing av ansvarleg l n
19. Forna/auka styrefullmakt til opptak og innl ysing av fondsobligasjonar
20. Styrefullmakt til kapitalauke (10 %)

M tet vert avslutta med middag p  Mandelhuset. Dersom du ikkje kan delta ber vi om melding s  snart som mogeleg og seinast innan 24.03.2023 til Britt Ersv r p  telefon 952 84 306 eller e-post ber@tysnes-sparebank.no.

Tysnes, 13.03.2023

Reidun Myklebust
Leiar i forstandarskapen

Vedlegg

- Sak 4  rsrapport 2022
- Sak 5 Forslag til tildeling av g ver til almennyttige f rem l
- Sak 6 Innstilling om endring i instruks for hovudvalkomiteen
Endringsmarkert utkast til ny instruks for hovudvalkomiteen i Tysnes Sparebank
Endringsmarkert utkast til reviderte vedtekter i Tysnes Sparebank
- Sak 7 M teprotokoll fr  egenkapitalbeviseigarane i Tysnes Sparebank sitt valm te 15.02.2023
- Sak 8 M teprotokoll fr  innskytarvalm te i Tysnes Sparebank 15.02.2023
- Sak 10-15 Innstilling fr  valkomiteen i Tysnes Sparebank
- Sak 16 Innstilling fr  valkomiteen til godtgjersle for tillitsvalde i Tysnes Sparebank
- Sak 17-20 Saksnotat om styrefullmakter 2023